

Styremøte 4 - 2017 - Referat

Måndag 7. august 2017 kl. 18:00 hos Inge

Desse deltok: Terje Edvardsen, Ole Bosnes, Inge Bakke.

Saker

1. Til informasjon:

Kaare Aardal har fått, og akseptert, tilbud om å leige den ledige plassen innerst på brygge C for 100 kr pr måned for å ha jolla si der.

Besluttet av Terje og Inge per telefon.

2. Rekneskap, status

Saldo per 31/7-2017: 1 902,00 kr.

3. Plassen til Anne Lise Hove

Det er tidlegare vedteke at plassen ikkje skal kunne leigast ut. Men utan å vere klar over det har vi foreslått for Rolf Bakke til å leige plassen frå henne då han mista leigeplassen sin tidlegare i år. Dei har no blitt einige og Rolf Bakke leiger der no. Kva gjer vi med dette?

VEDTAK: Vi lar det gå.

4. Rekneskapsføring av byggekostnadene til klubbhuset

Framlegg frå Ole: Alle kostnader rundt bygginga av klubbhuset bør rekneskapsførast under eige prosjekt.

Den daglege drifta av hamna elles må haldast fråskild klubbhuskostnadane.

Årskontingent, inntekter/utgifter ved slipping/sjøsetting, vedlikehald brygger etc. vert ført som no.

VEDTAK: Framlegget godkjent.

5. Verdioppskriving av båt plassane

Ole foreslår at styret legg følgjande sak fram på årsmøtet 2018:

Ein standard båt plass i dag koster 40.000 kroner. Men i tråd med prisauke og auka investering i hamna bør verdien auke. Dette kan gjerast slik:

Alle betaler inn, for eksempel, 2.500 kroner til laget. Det bør samla bli på minst 217.500 kroner. Samtidig vert plassens verdi sett opp til 45.000 kroner.

Hamnelaget sin gevinst vil bli styrka eigendel, lågare rente- og avdragsbelastning.

Medlemmane får auka verdi av båt plassen sin.

VEDTAK: Saka utsettjast til neste styremøte.

6. Dugnadsplan for vidare bygging av klubbhuset

Terje har til nå fått god hjelp av fleire. Mange har delteke ein rekke ganger, og Terje har leia alt arbeid til no i tillegg til å ha utført arbeid og brukt og lånt ut eiga vertøy og utstyr. Men framover no må vi ha meir orden på innkallinga til dugnad, slik at vi sikrar oss at alle medlemmane som ikkje har betalt seg fri blir kalla inn minst ein gang.

VEDTAK: Inge skriv brev til alle medlemmane og informerer om at dei som ikkje kan delta på dugnad i haust må seie frå. Dei vil få rekning på 800 kroner for «frikjøp dugnad» i samsvar med vedtektene, som kan lesast på heimesida holmavika.org.

Dei øvrige vert kalla inn per telefon eller direkte kontakt.

Vi forventer ca. 10 timar samla dugnadsinnats per medlem. Vi satser på å få tett hus før hauststormane kjem. Sidan kan vi arbeide innandørs.

7. Salg av plass

Plass B08 er til salgs. Pris 40.000 kr.

VEDTAK: Byttelista får ein veke frist til å melde interesse før kjøpslista får tilbodet.

MØTET SLUTT